



KVINNHERAD
K O M M U N E

Sektor samfunnsutvikling - avdeling byggesak og geodata

Monica Musland
Gina Harboes Veg 38

2312 Ottestad

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Anne Rita Eriksen	926 46 329	2025/4294-2		14.02.2025

Vedkjem førespurnad - 83/72/0/1 - Skålagato 55

Gjeldande reguleringsplan frå 2010 viser at bygget ligg i område med kombinert formål bustad/forretning. I tillegg viser planen bevaringsområde (bevaring av bygg og anlegg). Føresegnene seier mellom anna at bygningane skal oppretthaldast med same form, materialval og farge.

Ny områdeplanen for Rosendal som er ute på høyring viser kombinert formål bustad/forretning/kontor.

Slik sett er ei endring frå forretning til bustad innafor dei rammene planen set, men det må søkjast om bruksendring etter plan- og bygningslova (PBL) § 20-3 som eit tiltak med ansvarsrett (via ansvarleg føretak).

Den som skal søkje må sette seg inn i planane i område og vise at krav til minste uteopphaldsareal (MUA) og parkeringsplassar kan tilfredsstillast. Leilegheit må prosjekterast i samsvar med tekniske krav i TEK17.

Det må innhentast løyve frå sameige i samband med søknad om bruksendring.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Anne Rita Eriksen
Fagkoordinator byggesak

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift